

Har viltet ein verdi for oss?

OLA HUKE

Over alt i landet finst det stadnamn som har tilknytning til vilt. Trass i at arten ikkje finst meir på staden lever namnet vidare og fortel oss litt om kva for viltartar forfedrane våre hadde. Ord som Gaupåsen, Bjørnåsen, Reinsfjellet, Spillmyra, Elgmyra, Bøverdalen (av bever) m.fl. er vanlege landskapsnamn.

For dei første nordmenn var jakt og fangst levevegen. Ein trur at nokre av dei første som vandra inn etter at isen for ca. 10 000 år sidan trekte seg tilbake, var fangstfolk som følgde villreinen som tok i bruk det nye beitelandet.


Sjølv etter at jordbruket fekk innpass og folk vart fastbuande, var viltet ein viktig ressurs for forfedrane våre, og heilt opp til vårt eige århundre, har jakt og fangst vore ein viktig del av næringslivet for ein del bygder.

Etter utkastet til ny viltlov er alle *viltlevande* fuglar og landpattedyr vilt, unntatt lemen, mus og rotter. Dyr i fangenskap og som ikkje er viltlevande, blir difor ikkje rekna som vilt. Til saman er det ca. 250 artar som kjem inn under omgrepet vilt.

For oss menneske er viltet ein verdifull fornybar ressurs, som vi har plikt til å ta vare på, og utnytta innanfor ramma av det viltbestanden sjølv tåler. Arbeidet med å verna og utnytta viltet som ressurs, blir kalla for viltstell.

Arbeidsoppgåvene i viltstellet varierer frå tiltak som verving av leveområde for viltet, freding av truga artar, til hausting av overskotet av viltproduksjonen.

Viltet er ein del av våre naturressursar. Dei fleste artane er tradisjonelt «norske», dvs. dei har vore her i uminnelege tider. Av ulike årsaker har vi hatt eit tilsig av «nye» artar. Dette har skjedd anten at dei har vandra inn sjølve, eller at dei er blitt brakte hit av menneska. Rådyr, hettemåke, tyrkerdue har vandra inn naturleg i løpet av siste hundreåret. Mink, kanadagås, moskus, har menneska innført. Minken som eit husdyr, men eksemplar som har rømt frå pelsfarmane har etablert ei fast viltlevande stamme. Kanadagåsa og moskusen er heilt i frå byrjinga utsette med tanke på å tilføra nye artar til viltbestanden vår.



Trollryggen og Trollspiret i morgensol. Romsdalen under skydekket.

Foto: Per Sylow.


Omsider nådde ekspedisjonen den første vegetasjon og tordnet som små skred nedover gjennom jungelen på sauestiene. Like før vi nådde riksvegen ved Sogge kom en sint hveps og stakk Nils i nakken som en siste hilsen fra Store Trolltind og alt trollpakket der. Vi nådde veien og vår ventende bil ved Soggeberget kl. 5 eft. For sent til det planlagte fest-lunch-bord på Grand. I stedet fikk vi et iskoldt bad i Raumas jøkelklare vann. Vi følte oss som sultne guder da vi svinget opp foran jernbanerestauranten på Åndalsnes. Jeg husker jeg nøyte meg med 3 porsjoner lapskaus med dertil hørende 3 halve pils før vi dro opp i Vengedalshytta for der å innta det virkelig store festmåltidet etter denne minneverdige turen på tilsammen 32 timer, inkl. oppholdet i Stor-trollets kjøleskap.

Ein del artar er også nesten forsvunne. For enkelte artar har det skjedd ved at menneska har prøvd å rydda dei ut. Dette er t.d. tilfelle med dei store rovdyra (bjørn, ulv og jerv). Andre har gått tilbake avdi miljøet er endra, svært ofte p.g.a. menneska sin innverknad på naturen.

Viltet og naturgrunnlaget

Dersom dyra skal kunna overleva, må dei få oppfylte livsviktige behov, som t.d. mat, skjul, ro osv. Menneska er i stand til å skapa eit livsmiljø som det kan overleva i. Dyra derimot kan berre overleva der dei naturgitte tilhøva oppfyller viltet sine livskrav. Ei vanskeleg, men viktig oppgåve for viltstellet er difor å læra og kjenna desse miljøkrava.

Grunnlaget for produksjonen av vilt er dei grøne plantene. Anten lever dyra direkte av desse, som dei planteetande artane, elg, hare, rype m.fl., eller indirekte som rovdyra gjennom kjøtet av planteetande dyr.



Figur 1. Næringspyramiden

Næringspyramiden (fig. 1) med planteproduksjonen som basis, viser korleis dyra kan ordnast etter næringsval. Pyramiden viser at når plantene blir beita, blir det produsert kjøt. Ikkje all planteproduksjon blir omsatt til kjøt. Ein del går som «drivstoff» av livsprosessane i dyra, som t.d. anding, rørsle osv. For kvart steg på pyramiden blir det mindre og mindre att til produksjon for etterfølgjande ledd. Eit område som har ei viltstamme i balanse med næringsgrunnlaget, vil difor alltid ha mest med planteetande dyr, minst med kjøtetande.

Næringa saman med eit utal andre faktorar, som temperatur, lys, varme, menneske og andre dyr, er økologiske faktorer som tilsaman utgjør livsmiljøet for viltet. Gjennom tusenvis og millionar av år, har dyra tilpassa seg spesielle livsmiljø. På denne måten har det utvikla seg dyreregionar.

Viltstamma er eit resultat av dei økologiske faktorane. Den faktoren som er i minimum, er avgjerande for stammestorleiken. Det heile verkar som ei vassstønne med ulik lange tønnevastar. Tønnevastaven som er kortast, avgjer kor mykje vilt Norge kan ha, sjå fig. 2.



Figur 2.

Mattilgangen om vinteren er for viltet vårt ein slik minimumsfaktor. Tilgjengeleg planteproduksjon er størst om sommaren og minst om vinteren. I jordbruket lagrar ein det meste av sommeren sin planteproduksjon, og forar husdyra inne om vinteren med det. På denne måten kan ein overvintra ein etter måten høg vinterbestand.

Viltet derimot må livberga seg på det som er tilgjengeleg i denne årstida: kvist, lyng, bar, lav osv. Er det fleire dyr enn det er næringsgrunnlag for, vil individ døy ut, og då først og fremst dei svakaste, inntil stamma er i balanse med næringsgrunnlaget att.

Ein del dyr har evna til å overvintra i dvale, uten å vera avhengig av vintermat, t.d. bjørn, grevling, piggsvin m.fl. Andre, som trekkfuglane trekker ut av landet til sydlegare verdsdelar uten den harde vinteren vår.

Viltets verdi

Viltstellet er forvaltning av ein *fornybar* ressurs, dvs. hausting frigjer livsrom for ny produksjon. Det er mange sider ved denne ressursen som vanskeleg let seg måla etter økonomiske verdinormer. I det fylgjande er det nemnde nokre område der viltet har verdi for oss.

Kjøtproduksjon

Årleg blir det under jakta hausta ca. 2,8 mill. kg viltkjøtt her i landet. Med eit kjøtforbruk på 40 kg pr. person pr. år, vil dette tilsvara årsforbruket av kjøt for 70 000 menneske, som er omlag innbyggjartalet i Finnmark fylke.

Rekreasjonsverdi

Arleg deltek ca. 100 000 — 120 000 jegerar i jakta. I gjennomsnitt brukar kvar jeger ca. 7 dagar til jakt. For dei fleste av desse er dette avkobling og ferie frå det daglege arbeidet.

Forutan jegerane er det truleg fleire ikkjejegegarar som har interesse av dyrelivet i naturen. For desse er det ei stor glede å sjå dyr og fuglar i naturmiljø. Eksempel frå utlandet tyder på at viltets verdi som rekreasjonsobjekt er større for ikkjejegegarar enn for jegerane.

Varsellampe i naturen

Naturen ikring oss er eit nettverk av ulike faktorar, som stein, jord, luft, vatn, dyr, planter m.fl. Næringspyramiden viser korleis næringsstoffa vandrar i gjennom eit system med planter og dyr. Ein del av næringsstoffa vandrar gjennom heile pyramiden frå botn til topps. Også giftstoff kan vandra gjennom pyramiden på denne måten. Dei samlar seg då opp i kroppen hjå dei dyra som lever av forgifta mat. Sjølv om giftstoffa i byrjinga finst i svært små konsentrasjonar, kan det til slutt vera dødeleg for dyra på toppen.

Ei slik langsom forgifting av naturmiljøet ikring oss har vi døme på frå bruken av DDT, som er ei gift med lang nedbrytingstid. Det var mellom anna gjennom analyser av dyra at menneska fekk eit varsel om kva som var i ferd med å skje, og i tide kunne stansa eller redusera bruken av denne gifta.

Inntekter til bygdene

Viltet er eit landbruksprodukt som først og fremst blir produsert i utmarka. Retten til å utnytta det økonomisk har grunneigaren, og etter viltlova skal viltstellet arbeida for jakt og fangst som næring. Den økonomiske vinninga for grunneigaren skjer ved utleige av jaktretten eller direkte ved hausting. Samanlikna med andre land er det rimeleg og lett å få jakta her i landet.

Viltet er såleis med å trekka kapital til bygdene våre. Ikkje berre gjennom utleigeinntektene, men også ved sal av proviant, utstyr, overnatting osv. til jakt- og dyreinteresserte.

Sosialverdi

Ikkje målbart i pengar er den utvekslinga av folk som i denne samanheng skjer mellom by og bygd. Dette skaper kontakt, forståing og respekt for kvarandres levesett, og er med til å minska avstanden mellom ulike samfunnsgrupper.

Korleis må viltstellet arbeida

Viltstellet må vera ein del av planlegginga i bruken av naturen. Viktige dyreområde, trekkvegar må sikrast for viltet. Vi bør alltid ha for auge at viltet er den svakaste parten, og regulerer våre naturinngrep etter dette.

Vi har også eit internasjonalt ansvar for å sikra trekkande artar det levegrunnlaget dei har behov for hjå oss.

Ei landsomfattande registrering har vore i gang med å kartleggja viktige viltområde. Dette er grunnlaget for eit viltområdekartverk. 1976 var det såkalla våtmarksåret då det særleg vart arbeidd for å ta vare på våtmarkene, som er nøkkelområde for mange dyrearter. Ein håpar på denne måten å sikra område for viltet ved planlegginga av naturinngrep.

Avgjeringe for at viltstellet skal lukkast i dette arbeidet, er at det er allmenn forståing for å ta dei meirkonstnadene denne investeringa vil føre til.

Produksjon og hausting

I prinsippet kan ein tenkja seg eit naturområde som ein fjøs. Viltet er dyra som «står på båsen» ute i skogen. Storleiken på stamma blir bestemd av førtilgangen om vinteren. Om våren blir det fødd nye individ, som gjennom sommaren og hausten har rikeleg med mat. Når vinteren set inn med knappare mattilgang, må stamma reduserast til den er i balanse med vinterbeitet att. Dvs. at i ei stamme i balanse må avgangen vera lik årets tilvekst.


Naturen sine egne mekanismar er svolt, sjukdom og rovdyr. Gjennom jakta kan vi i staden utnytta denne verdifulle produksjonen av mat før vinteren set inn. Det er i denne samanheng viktig å merka seg at trass freding av eit område vil det aldri kunne produsera meir vilt enn det er naturgrunnlag for, som t.d. mat i vinterhalvåret.

Eit klassisk eksempel på overproduksjon av ei viltstamme som er utan jakt, og som heller ikkje har naturlege fiendar, er villreinstamma på St. Matthews øya utanfor Alaska, sjå fig. 3. Då beitet var nedslite braut stamma saman fra 6 000 til 42 dyr.

Produksjonen innan dei ulike regionane vekslar mykje. Skogregionen dekker 1:4 av landet, men gir ca. 70% av noverande viltavkastning. Fjellregionen som utgjer 50% av landet er karrig som viltland.

Dersom ein ser på regionar utanom vårt eige land, vil vi sjå at viltproduksjonen kan vera ei mangedobbling av det ein får ut av husdyrdrift. Dette er tilfelle i tropene, der jakt innafor ramma av eit ordna viltstell er ein viktig veg å gå for å skaffe nok mat.

Tradisjonelt blir viltet delt inn i to grupper: småvilt og storvilt. Småviltet har kort levealder og stor formeiring, medan storviltet, elg, hjort, villrein, har lang levealder og liten årleg produksjon.



Type	Gjennomsnittleg levetid		Kjønnsmoden	Avkom
	1—2 år	1. år	alder	
Rype	15—20 år	2. eller 3. år	1. år	6—10
Elg	1—2 år	1. år	2. eller 3. år	1—2

Tabellen viser ein del av skilnaden mellom desse to gruppene.

P.g.a. den store produksjonen hjå småviltet må det vera ein stor avgang dersom det skal vera balanse mellom beite og stamme. For ryper reknar ein såleis med at 80% ikkje overlever første vinteren. Granskingar viser at jakta i gjennomsnitt tek ut 10% av produksjonen her i landet.

Viltart	Felt vilt (dei viktigaste artane)				
	1971/72	1972/73	1973/74	1974/75	1975/76
Alle småviltartar	998 000	1 287 000	1 370 000	1 604 000	1 157 000
Storfugl	12 000	11 000	11 000	12 000	8 000
Orrfugl	19 000	21 000	21 000	22 000	17 000
Ryper	317 000	437 000	468 000	570 000	340 000
Andefugler	100 000	124 000	124 000	119 000	115 000
Hare	74 000	76 000	63 000	72 000	56 000
Rev	44 000	48 000	52 000	67 000	38 000

Tabellen viser kva som er felt her i landet av småvilt, (utdrag av Statistisk Sentralbyrås småviltstatistikk.)


Typisk for småviltproduksjonen er dei store årlege svingingane i stamma. Desse varierer for dei ulike artane.

Prinsippet for ei storviltforvaltning er å overvintra ei produksjonssterk stamme. På denne måten får vi ein stor tilvekst om sommaren, og lagt grunnlaget for eit høgt uttak om hausten. Uttaket bør skje først og fremst på dei yngre uproduktive årsklassane. Det er dette som blir kalla for «retta avskyting». Dette er hjå oss berre praktisert dei siste åra. Denne er årsaka til ein del av den sterke veksten som vi har hatt hjå storviltet i enkelte område.

Denne «oppblomstringa» av storvilt som vi har opplevd etter krigen (fig. 4), illustrerer godt korleis menneskeleg bruk av naturen kan påverka viltet også i positiv retning. Nye driftsformer i skogbruket med hogstflater har ført til meir lauvskog og mat for dei store hjortedyra våre. Bruken av utmarka til husdyrbeiting har gått sterkt tilbake, og viltet har overtatt desse beiteområda. Det har vist seg at område som tidlegare var viktige beiteområde for husdyra, i dag etter at husdyrbruket er nedlagt, er kjerneområde for dei ville hjortedyra.



Ant. x 1000 Figur 4.



Sluttord

Ingen dyreart er i stand til å påverka naturen og miljøet slik som menneska. Ei av dei store oppgåvene for viltstellet er difor å demma opp for, og kanalisera den menneskelege aktiviteten, så den naturlege variasjonen av dyreartar blir sikra.

Dyrelivet med sitt store mangfald, er resultatet av ei utvikling som starta for millionar av år sidan. Døyr ein art ut, er den for alltid tapt, og mangfaldet i dyreverda er mindre. Vi har difor eit stort ansvar for at denne «arven» frå fortida går til etterslekta i minst like god stand som vi overtok den. Vi som lever i dag, har berre rett til å utnytta denne naturressursen innanfor dyrestammans eige toleransenivå.

For mange står viltstellet som eit arbeidsfelt for spesialistar og særleg interesserte. Dette er også tilfelle når det er snakk om spesialkunnskap. Skal ein likevel oppnå det målet som ein har sett seg i viltstellet, og som vedkjem oss alle, er det ikkje minst viktig at vi aksepterer viltstellet som ein del av det samfunnsgagnelege arbeidet. Vi er alle forbrukarar, anten direkte eller indirekte, av natur. Skal det i det heile vera mogeleg å nå målet, må vi alle ta vår del, og avpassa vår bruk av naturen, til dyra og naturen sitt eige beste.

KARTHON HALAND:

....fire av de minste ørretene har jeg reservert til kveldsmat. Snart freser de i panna på steingrua. Brakekvistene knitrer. Vannet småklukker mot stranden. Elven suller sin enstonige vise. Lydene er helt forskjellige, men her er ingen dissonanse, de glir sammen til en harmonisk melodi. Villmarkens egen tone.

To skiturer gjennom Trollheimen for vel 60 år siden.

TORLEIF NISSEN

En påske like før den første verdenskrig foretok den daværende medisinske student, senere overlege Henrik Støren, en skitur helt uten følge fra Hjerkinns gjennom Trollheimen og til sitt hjemsted i Meldalen.

Den gang ble veiene vanligvis ikke brøytet i fjellbygdene. Det var hester med sleder som laget noenlunde brukbare veier, også for skiløpere. I godvær og på godt føre var det derfor i og for seg ikke noen vanskelighet å ta seg frem på ski fra Hjerkinns til Oppdal langs landeveien.

Fra barnsben var den unge Henrik godt kjent i de nærmeste trakter til Trollheimshytta, men ruten mellom Trollheimshytta og Oppdal hadde han aldri gått. Han hadde imidlertid i samråd med bygdefolk satt seg godt inn i hvilken rute han burde følge, og som i det vesentligste faller sammen med den vintervarding turistforeningen har i dag.

Fra Oppdal startet han tidlig en morgen fra Rolfsjord gård i relativt godt vær, og hadde regnet med å komme frem til Trollheimshytta i god tid før middag. Av den grunn tok han ikke med seg annen proviant enn et par brødkiver og en flaske selters. I Gjevilvassdalen begynte det imidlertid å sne, og det ble en stri tørn for ham i dypsne og mindre godt føre. Over fjellet satte det inn med et veritabelt uvær, og først over midnatt kom han frem til Trollheimshytta, hvor han måtte vekke en høyst forbauset vertinne. Han hadde da nesten ikke spist hele dagen, men da vertinnen kjente ham fra før, fikk han nok den aller beste mottagelse og forpleining allerede om natten. Neste dag fortsatte han over Geithetta via den gamle Jøldalshytta til sitt hjem i Meldalen i noenlunde bra vær.

Et par år etter planla han på ny samme rute sammen med sine to yngre brødre. Undertegnede og en student til fikk tilbud om å være med, og ble innbudt til å tilbringe resten av påsken som gjester hos foreldrene på «Nordly» i Meldalen hvor faren var distriktslege. Vi ville selvsagt mere enn gjerne være med, og planen var at vi som oppholdt oss i Trondhjem, skulle møte Henrik i Oppdal.